



Arbeids- og sosialdepartementet

Høyring om "En mer effektiv og fremtidsrettet hjelpemiddelformidling – for økt deltakelse og mestring" - høyringssvar

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd vedtok i møtet 4.5.2017 følgjande fråsegn:

Sogn regionråd meiner retten til hjelpemidlar framleis skal liggje i folketrygda med eit statleg finansieringsansvar og eit nasjonalt formidlingssystem for fagleg rådgjeving og utlån av hjelpemidlar. Dette vil sikra funksjonshemma tilgang til nødvendige hjelpemidlar på alle livsområde slik at grunnleggjande menneskerettar blir ivaretekne.

Retten til hjelpemidlar må ikkje vera avhengig av geografisk bustad og kommuneøkonomi. Staten bør betre hjelpemiddelformidlinga ved å styrka kommunane sitt ergoterapitilbod og rehabilitering, utvikla betre IKT-løysingar og gjera forenklingar.

At innbyggjarar, gjennom folketrygda, er sikra hjelpemidlar som kompenserer for funksjonsnedsetjing vil ha betydning for eit levande lokaldemokrati der alle kan delta.

Med helsing

Petter Sortland
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift